

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 222/2014

2015/EØS/52/14

av 24. oktober 2014

om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonsavgjerd 2013/638/EU av 12. august 2013 om grunnleggjande krav til radiokommunikasjonsutstyr som er meint for fartøy som ikke er omfatta av SOLAS-konvensjonen, og som skal omfattast av det globale maritime nauds- og tryggleikssystemet (GMDSS)⁽¹⁾, skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Avgjerd 2013/638/EU opphevar kommisjonsvedtak 2004/71/EF⁽²⁾ som er teke inn i EØS-avtala, og som difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg II til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkelf 1

I vedlegg II kapittel XVIII til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 4zzp (kommisjonsdirektiv 2008/63/EF) skal nytt nr. 4zzq lyde:

”4zzq. **32013 D 0638**: Kommisjonsavgjerd 2013/638/EU av 12. august 2013 om grunnleggjande krav til radiokommunikasjonsutstyr som er meint for fartøy som ikke er omfatta av SOLAS-konvensjonen, og som skal omfattast av det globale maritime nauds- og tryggleikssystemet (GMDSS) (EUT L 296 av 7.11.2013, s. 22).”

2. Teksta i nr. 4zzm (kommisjonsvedtak 2004/71/EF) vert oppheva.

Artikkelf 2

Teksta til avgjerd 2013/638/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkelf 3

Denne avgjerala tek til å gjelde 1. november 2014, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkelf 4

Denne avgjerala skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 24. oktober 2014.

For EØS-komiteen

Kurt Jäger

Formann

⁽¹⁾ TEU L 296 av 7.11.2013, s. 22.

⁽²⁾ TEU L 16 av 23.1.2004, s. 54.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.